

KOMMISJONSVEDTAK

2007/EØS/26/06

av 30. oktober 2003

om godkjenning av visse handsamingsmetodar for å hemme utvikling av sjukdomsframkallande mikroorganismar i muslingar og sjølevande sniglar(*)*[meldt under nummeret K(2003) 3984]*

(2003/774/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,med tilvising til rådsdirektiv 91/493/EØF av 22. juli 1991
om fastsettelse av helsekrav ved produksjon og omsetning
av fiskeriprodukter⁽¹⁾, sist endra ved forordning (EF)
nr. 806/2003⁽²⁾, særleg kapittel IV avsnitt IV nr. 2 i vedlegget,
og

ut frå desse synsmåtane:

1) Kommisjonsvedtak 93/25/EØF av 11. desember 1992 om
godkjenning av visse behandlingsmetoder for å hemme
utvikling av sjukdomsframkallande mikroorganismar i
toskallede bløtdyr og sjøboende snegler⁽³⁾ er vorte endra
monaleg⁽⁴⁾. Av omsyn til klarleiken og av praktiske
grunnar bør det nemnde vedtaket difor konsoliderast.

2) Muslingar og sjølevande sniglar som er hausta i dei
områda som er nemnde i kapittel I nr. 1 bokstav b og
c) i vedlegget til rådsdirektiv 91/492/EØF av 15. juli
1991 om fastsettelse av helseregler ved produksjon og
omsetning av levende toskallede bløtdyr⁽⁵⁾, sist endra ved
forordning (EF) nr. 806/2003, utgjer eit mogleg trugsomål
mot forbrukarane dersom dei ikkje vert handsama på ein
egna måte.

3) Spania, Det sameinte kongeriket og Nederland har
gjort framlegg om handsamingsmetodar for å hemme
utviklinga av sjukdomsframkallande stoff i muslingar og
sjølevande sniglar.

4) Ettersom desse handsamingsmetodane er tilstrekkelege
for å sikre at produkta er sunne, er det ikkje naudsynt å
reinse dei eller leggje dei ut att før dei vert omsette.

5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda
og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Dei handsamingsmetodane som det er gjort greie for i
vedlegg I til dette vedtaket, vert godkjende med omsyn til å
hemme utviklinga av sjukdomsframkallande mikroorganismar
i muslingar og sjølevande sniglar som er hausta i dei områda
som er nemnde i kapittel I nr. 1 bokstav b) og c) i vedlegget
til rådsdirektiv 91/492/EØF, og som ikkje er lagde ut att eller
reinsa før dei vert omsette.

Artikkel 2

Vedtak 93/25/EØF vert oppheva.

Tilvisingar til det oppheva vedtaket skal forståast som
tilvisingar til dette vedtaket, og skal lesast i samsvar med
jambføringstabellen i vedlegg III.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 283 av 31.10.2003, s. 78,
er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 120/2004 av 24. september
2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære
forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 12 av
10.3.2005, s. 7.

⁽¹⁾ TEF L 268 av 24.9.1991, s. 15.

⁽²⁾ TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 16 av 25.1.1993, s. 22.

⁽⁴⁾ Sjå vedlegg II til dette vedtaket.

⁽⁵⁾ TEF L 268 av 24.9.1991, s. 1.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 30. oktober 2003.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

*VEDLEGG I***HANDSAMINGSMÅTAR****A. Sterilisering**

Muslingar og sjølevande sniglar kan steriliserast i hermetisk lukka romfang som stettar dei krava som er fastsette i kapittel IV avsnitt IV nr. 4 i vedlegget til direktiv 91/493/EØF.

B. Anna varmethandsaming

Muslingar og sjølevande sniglar i skal, som ikkje er fryste, kan handsamast på éin av følgjande måtar:

1. nedsenking i kokande vatn i tilstrekkeleg lang tid til at kjernetemperaturen i blautdyrkjøtet stig til minst 90 °C; denne minstemperaturen må haldast ved lag i minst 90 sekund,
2. koking i tre til fem minuttar i eit lukka romfang ved ein temperatur mellom 120 og 160 °C og eit trykk på mellom 2 og 5 kg/cm²; deretter vert skalet fjerna og kjøtet fryst til ein kjernetemperatur på -20 °C,
3. dampkoking under trykk i eit lukka romfang der krava til koketid og kjernetemperatur i blautdyrkjøtet som er nemnde i nr. 1 ovanfor, vert stetta, og der einsarta varmefordeling i det lukka romfanget vert sikra ved ein godkjend metode innanfor ramma av eigenkontrollprogrammet.

*VEDLEGG II***Oppheva vedtak med endringar**

Vedtak 93/25/EØF (TEF L 16 av 25.1.1993, s. 22)

Vedtak 97/275/EØF (TEF L 108 av 25.4.1997, s. 52)

*VEDLEGG III***Jamføringstabell**

Vedtak 93/25/EØF	Dette vedtaket
Artikkel 1	Artikkel 1
—	Artikkel 2
Artikkel 2	Artikkel 3
Vedlegg	Vedlegg I
—	Vedlegg II
—	Vedlegg III